



Svein Fosse  
Skarsvegen 447  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/2763 - 15/36647

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
03.12.2015

## Utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gbnr 146/36 - Skarsvegen 447

Teknisk drift har i samband med etablering av garasje på - gbnr 146/36 – Skarsvegen 447 vurdert endret bruk av eksisterande avkjørsle.

### **Vedtak:**

Teknisk drift ved vegavdelinga har vurdert forholdet på stedet og gir endra bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår (standard krav ):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle (minimum 200mm) og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Løyve om endra bruk av eksisterande avkjørsle gjeld berre tilknytting til kommunal veg. Utbetring av avkjørsla kan være søknadspliktig tiltak iht plan og bygningsloven.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved bygesak  
Lindås kommune ved fagsjef veg

**Mottakarar:**

Svein Fosse

Skarsvegen 447      5911

ALVERSUND